



ÅRSMELDING 2012

Hovudstyret Dale Idrettslag

Styret 2012:

Leiar:	Marit Øen
Nestleiar:	Ingunn Hilde Hovland
Styremedlem:	Elisabeth Boge Sande
Styremedlem:	Kåre Haaland
Styremedlem:	Odd Helge Aase

Leiarar i gruppene:

Fotball:	Ståle Haugen
Handball:	Ola Hovland
Volleyball:	Mette Rysjedal
Friidrett:	Marit Øen (kontaktperson)
- Turgruppa:	Rolf Kleiven
Vektløfting:	Svein Åge Holstad
Barneidrett:	Oddvar Alværen
Klatring:	Chris Hamper
Ski:	Johan Løseth
Badminton:	Hilde Genberg
Sykkel:	Ståle Brattelid

Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark:

Leiar:	Vidar Samuelsen
Dale IL rep.:	Marit Øen
	Alf Magne Salbu

Kommunal rep.:

Norddalen Skisenter:

Leiar:	Per Haaland (Svint)
Teknisk leiar:	Trond Ole Håland (Dale)
Medlem:	Asgeir Hope
Medlem:	Johan Løseth

Revisor for Dale IL:

Nina Aas
Silje Birkeland

Styremøte:

Det har vore halde 3 styremøte, og handsama 8 saker.

Leiar for fotball- og handballgruppa har vore innkalla til styremøta og dei har delteke då dei har att høve. I tillegg har nokre mindre saker vorte diskutert og avgjort utan protokollføring.

Andre møter:

Styret i samarbeid med leiarar/representantar frå gruppene har hatt arbeidsmøte vedr. utbygginga av Fjalerhallen og skifte av dekke innandørs. Krav/ønske om kva type dekke idrettslaget ønskjer skal leggest i hallen er oversendt byggenemnda og kulturkontoret.

Idrettslaget stilte på Fjaler IR sitt årsmøte med leiar og 4 representantar.

Leiar har delteke på møta i byggenemnda vedr. utbygging/rehabilitering av Fjalerhallen.

Leiar deltok også på informasjonsmøtet vedr. Sparebankstiftingane og søknader om midlar til lag og organisasjonar.

Arrangement/inntektsgjevande arbeid:

Utanom inntektene frå eigne arrangement gjennom heile året, offentlege tilskot og sponsormidlar, har gruppene hatt sal av Dale-kontrakter, lodd, vareteljing og diverse dugnadar.

Elles viser ein til årsmeldingane frå dei enkelte gruppene.

Aktivitet::

Ved idrettsregistreringa for 2012 er medlemmar og aktive i Dale IL registrert slik:

Medlemmar Dale IL

alderstrinn	Kvinner					Menn					Total:
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	
medlemmer	11	95	65	15	48	13	93	59	9	72	480

Aktive pr. gruppe

alderstrinn	Kvinner					Menn					Total:
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	
badminton			6		6		8	8	1	9	38
Fotball (inkl. 11 funksjonshemma)	0	32	26				52	39	5	34	188
friidrett / turgruppa	3	7	5	9	19	4	8	5		24	84
handball		65	39	3	5		20			2	134
Idrettskule/alltrening	2	32				3	14				51
klatring			1		5			2		5	13
ski	3	7	5	2	15	5	13	7	2	13	72
sykkel				2	8				2	18	30
vektløfting								7	2		9
volleyball			9	3	3		7	4		4	30
	8	143	91	19	61	12	122	72	12	109	649

Det høge talet aktive vi har i idrettslaget viser at det blir jobba mykje og godt i dei mange gruppene. Oversikta viser at vi har mange aktive born og ungdommar i idrettslaget!

Dale Idrettslag har eit idrettsanlegg som gir eit breitt aktivitetstilbod til born og vaksne i bygda. Tidlegare år har Driftsselskapet kunne leige ut ledige treningstider i Fjalerhallen til andre idrettslag, men sidan hausten 2007 har Dale IL lagt beslag på alle treningstider utanom skuletid. Med den store aktiviteten i laget så har det vorte mange kompromiss når det gjeld treningstider, og spesielt når det gjeld treningstider innandørs i vinterhalvåret! I tillegg til treningstida idrettslaget disponerer i hallen, så har også Dale VGS og UWC treningstider nokre ettermiddager i veka. Vi har prøvd å sette av treningstider for dei yngste tidleg ettermiddag/kveld, medan vaksne får dei seinaste tidene.

Idrett/trening for funksjonshemma og barneidrett har fått førsteprioritet når det gjeld treningstider, og dette er i samsvar med NIF sine retningslinjer.

Fotball- og handballgruppa har no aktivitet året rundt, og har eit godt samarbeid når det gjeld trening og treningstider. Dei har også hausten 2012 hatt felles treningstid der fokus er styrketrening og skadeforebyggjande trening.

Barneidretten kunne hausten 2012 tilby turn for den eldste gruppa, noko som har vore veldig populært! Luis Alves som er voluntør har leia desse treningane med hjelp frå nokre foreldre. Vi håpar at dette er ei trening vi fortsatt kan tilby også neste år.

Dale VGS har frå hausten 2012 hatt ansvar for gjennomføring av barneidretten for den yngste gruppa, i tillegg til minihandballen. Elevar som har idrettsfag på skulen, har vore instruktørar på desse treningane. Vi håpar at skulen kan fortsette å tilby dette faget til elevane sine, og at vi kan halde fram med dette tilbodet!

Styrkerommet er mykje brukt både av vektløftargruppa og dei andre gruppene. Vi gleder oss til treningsstudioet er ein realitet hausten 2013, slik av vi får betre tilhøve for grunn- og styrketrening.

Ei anna gruppa som nok også ser fram til opning av treningsstudioet i nye lokaler, er sykkelgruppa. Dei har eit populært tilbod om spinningtimar i vintersesongen, fleire dagar i veka. Når vi flyttar dette tilbodet over i nye lokaler vil det nok bli plass til fleire på desse timane også!

Turgruppa har jobba godt dette året, og hatt mange dugnadstimar med oppgradering av turstiane i og rundt Dale. Verdt å nemne her er Elvestien som er blitt ei fantastisk fin turløype, sentrumsnær og tilgjengeleg for alle!

Sportslege prestasjonar:

Både handballgruppa og fotballgruppa har hatt unge spelarar på sonesamling og soneturneringar. Dette viser at det blir jobba bra med rekruttering både i handball og fotball.

fSpesielt er det verdt å nemne framgagnen til handballgruppa, og det er på sin plass å gratulere handball-damene med opprykk til 3.divisjon! Det er også veldig positivt for laget og regionen at handballen har fått med 2 spelarar på Bylag og Regional landslagssamling. Vi gratulerer Jeanette Øksenberg og Kjerstin Boge Solås med uttaket!

Når det gjeld andre sportslege prestasjonar viser vi til årsmelding frå gruppene.

Utdanning:

Styret oppmodar som tidlegare alle gruppene til å delta på kurs og samlingar for å heve kompetansen til trenarar og leiarar i laget. Dette vil komme utøvarane til gode, og styrke laget som heilheit.

Viser også her til årsmelding frå gruppene.

Representasjon:

Vi viser til årsmeldingane frå dei ulike gruppene.

Dale IL var ikkje representert på Idrettskrinstinget 2012.

I forkant av dette tinget var det mange idrettslagsleiarar som vart kontakta vedr. valnemnda sitt framlegg til val av nytt styre i krinsen. Her var det forslag om å skifte ut både leiar og nesten heile styret. Det vart jobba i kulissane frå fleire særvidrettar med eit eige forslag som vart lagt fram på tinget, både til styre og ny valnemnd. Som eit resultat av dette har leiar takka ja til å vere medlem i valnemnda for Sogn og Fjordane Idrettskrins.

Økonomi/rekneskap:

Økonor HAFS / Hope Rekneskap har hatt ansvar for føring av rekneskapet for idrettslaget, og det er hovudstyret som betaler for denne tenesta. I tillegg har fotballgruppa brukt rekneskapskontoret for utfakturering av treningsavgift m.m.

På årsmøtet i 2012 vart rekneskapet for 2011 framlagt utan gjennomgang av revisor. I etterkant av årsmøtet er rekneskapet godkjent av revisor.

Mykje av grunnen til at vi fekk rekneskapet så seint frå rekneskapsfører, er at nokre grupper leverte bilaga seint. For ettertida skal rekneskapsbilag vere innlevert til rekneskapskontor seinast utgangen av januar!

Styret sendte i april/mai ut faktura for medlemskontigent til alle husstandar i Fjaler. Men vi når ikkje alle då det er mange husstandar som reserverer seg for uadressert post. I 2013 skal NIF sitt elektroniske medlemsregister vere klart, og her vil det også vere muleg å fakturere ut både medlemskontigent og treningsavgifter til alle aktive. Så sant det er muleg å overføre rekneskapsgrunnlaget frå dette registeret til vår rekneskapsfører sitt økonomisystem, vil vi ta dette i bruk.

Vedlagt årsmeldingane er rekneskapet for 2012 med kommentar frå rekneskapsfører.

Hausten 2012 signerte Dale Idrettslag sponsoravtale med Sparebanken Sogn og Fjordane. Noko som gir oss kr 300.000,- i klubbkassa i åra 2012-2014.

Oppsummering:

2012 har vore nok eit hektisk idrettsår! Vi har mange aktive i klubben der lagidretten står for størstedelen av aktiviteten. Vi har ikkje rekna nøyaktig på det, men Vi ser at vi har utfordringar med å sy saman treningstider innandørs for haust- og vintersesongen. Håpet er at trykket kanskje blir litt mindre når vi får opna treningsstudioet. Uansett vil vil prøve å jobbe meir aktivt saman med gruppene for å finne tilfredsstillande løysingar for alle!

Til slutt vil vi takke alle aktive, trenarar, leiarar, foreldre, sponsorar og andre som gjer det muleg å gjennomføre den store aktiviteten idrettslaget har gjennom heile året!

Dale Idrettslag

Marit Øen
leiar